

HORDALAND BONDELAG



Kommunane i Hordaland

Vår sakshandsamar
Geir Totland
996 42 600

Vår dato
27.11.2014
Dykkar dato

Vår referanse
14/01213-5
Dykkar referanse

Oppheving av konsesjonslova

Landbruks- og matdepartementet har gjort framlegg om å oppheve heile konsesjonslova. Høyringsfrist til departementet er 15. januar 2015. Det er ei omfattande høyringsliste, med m.a fylkeskommunar og kommunar, og ei lang rekke organisasjonar, deriblant Norges Bondelag.

Hordaland Bondelag vil handsame høyringa og sende innspel gjennom eigen organisasjon. I tillegg håper vi at kommunane i Hordaland vil gje uttale. Det har aldri vært foreslått at eit så omfattande regelverk vert fjerna utan å bli erstatta av noko nytt. Vi meiner dette er eit forslag som reduserer vår samla matproduksjonsevne. Dette er lite framtidsretta og avgrensar vår nasjonale handlefridom. Dette er ei endring som ikkje tar omsyn til dei aktive bøndene, men til grunneigarane som vil *ut* av næringa.

Det er i samfunnet si interesse å legge til rette for eit familielandbruk, basert på personleg eigarskap til areala. 2014 er utpekt til familiejordbrukets år av FN, nettopp fordi FN ser at familiejordbruket er den mest effektive og beste måten å produsere mat på. Å fjerne konsesjonslova legg til rette for investorar med andre intensjonar enn matproduksjon.

Hordaland Bondelag ønskjer ikkje at konsesjonslova skal opphevast. Vi ønskjer ei heilskapleg gjennomgang av eigedomslovverket med sikte på forbetringar.

Lykke til med den politiske handsaminga av denne viktige saka!
På neste side er det oppsummert formål med konsesjonslova og verknader på ulike område.

Eg legg òg ved invitasjon til eit miniseminar (gratis) som AGRI Analyse arrangerer i lag med Norges Bondelag onsdag 3. desember i Oslo.

Elektronisk godkjent, uten underskrift

Frøydis Haugen
Leiar i Hordaland Bondelag

Bondelagets Servicekontor AS

| | | | |
|---|--|---|---|
| Postadresse: Krokeidevegen 13 5244 FANA Hordaland Bondelag Bondelagets Servicekontor AS | Besøksadresse: 5244 FANA Org.nr.: 939678670 Org.nr.: 985063001 MVA | Tlf: 55 91 88 80 Bankkonto: 8101.05.12891 Bankkonto: 8101.05. 91392 | E-post: hordaland@bondelaget.no Internett: www.bondelaget.no/hordaland |
|---|--|---|---|

Notat om konsesjonsloven:

Formål med konsesjonsloven:

Ifølge FN må verdens matvareproduksjon auke med 60 prosent dei neste 40 åra. Norge må ta ansvar for sin del. Regjeringa har mål om høgast mulig sjølforsyning av beredskapshensyn. Stortinget har vedtatt mål om ”*økt matproduksjon med intensjon om økt sjølforsyning*”. Dette er gode målsettingar, som eigendomslovverket må støtte opp om. All matproduksjon er arealavhengig, bruken av våre matjordressursar er derfor heilt avgjerande for vår framtidige evne til matproduksjon.

På denne bakgrunn er det riktig å sikre eit rammeverk som gjer det mogleg å nytte alt jordbruksareal til å produsere trygg og god norsk mat – og til å øke matproduksjonen i tråd med Stortinget sitt vedtak. Styrking av den private grunneigarretten som går på bekostning av vår samla matproduksjonsevne er lite framtidsretta og avgrensar nasjonal handlefridom.

Formålet med eigendomslovverket slik vi kjenner det er m.a

- at arealressursane skal forvaltast til samfunnet sitt beste og legge til rette for ein tenleg, variert bruksstruktur, med vekt på omsynet til busetting, sysselsetting og driftsmessig gode løysningar
- at ressursane blir disponert for framtidige generasjonar (jordvern, miljø, kulturlandskap)
- at omsetninga av eigendomar blir regulert og kontrollert for eit effektivt vern om landbrukets produksjonsareal og mest samfunnsgagnlege eigar- og bruksforhold.

Dette er formål som støtter opp om Stortinget og regjeringa sine mål. For å nå målsettingane er det vesentleg å kunne styre bruken og omsetninga av produksjonsareal og ressursgrunnlag.

Bruken av areala

Knappe 3% av vårt totale landareal er dyrkbart. Ei konsesjonslov vil være med å sikre eit effektivt vern av landbruket sitt produksjonsareal. Regelverket må, saman med jordlova sine bestemmelser sikre at areal blir nytta til matproduksjon. Det må vere ei streng praktisering av jordvernet og omdisponering må berre skje i unntakstilfelle der andre særlege samfunnsmessige omsyn gjer dette nødvendig. Ei slik praktisering må vere politisk styrt.

Eigarform

Det er i samfunnet si interesse å legge til rette for framhald av familielandbruket, basert på personleg eigarskap til areala. 2014 er utpeika til familiejordbrukets år av FN, nettopp fordi FN ser at familiejordbruket er den mest effektive og beste måten å produsere mat på. Eit landbruk basert på sjølveigande og sjølvstendige bønder vil være avgjerande for å nå måla om auka norsk matproduksjon.

Å fjerne konsesjonslova vil kunne opne for eit selskapslandbruk der industri,

Vår dato
27.11.2014

Vår referanse
14/01213-5

matvarekjedene eller andre selskap kan både eige jorda og garden. Erfaring frå andre land syner at både mattryggleik, dyrevelferd, miljø og folk sine arbeidstilhøve lett blir salderingspost når selskapsjordbruket overtar.

Prisutvikling

Ei konsesjonslov med fortsatt mulighet til priskontroll kan være med å sikre ei forsvarleg prisutvikling. Å kunne erverve landbrukseiendom til ein pris som er driftsmessig forsvarlig, er vesentlig for å sikre rekruttering. Å kunne handtere kapitalkostnaden gjennom vanlig landbruksdrift er vesentlig for langsiktig drift.

AP Pension investerer i dansk landbrug

AP Pension har netop købt sit første landbrug, og flere forventes at komme til. I de seneste år har mange, især yngre landmænd, haft svært ved at låne penge til at overtage en landbrugsbedrift. Det gør AP Pensions investeringer nu muligt. Det er forbundet med lav risiko, og AP Pension forventer at kunne skabe et solidt afkast til sine kunder.

AP Pension undersøger hele tiden nye muligheder for at skabe fornuftige og attraktive afkast til sine kunder. I takt med at afkastet fra f.eks. obligationer er blevet mindre, er behovet for at finde nye investeringsmuligheder med gode afkast steget tilsvarende.

Klipp frå:

<https://www.appension.dk/AP-Update/2014/AP-Pension-investerer-i-dansk-landbrug2>

et handlar om långiv-
lar, eller det vi kallar høst-
att det blir svårare att
jårdar. Det tar framfor allt
erna håller sig. Det krävs
n-
al "När lantbruksfastigheter ska
a säljas handlar det om stora
l belopp. Det gör det väldigt svårt
x för yngre att ta sig in på mark-
naden om det inte finns en gård i
r familjen som kan övertas genom
ner generationsskifte."

spekulanter. Idag när jorden är dyr ser skill-
nader mot tidigare. Dels de som satsar rejält
och som köper mer mark för att utveckla sin
verksamhet, dels de som är nöjda med det
man har och som väljer att inte lägga bud
på nya markområden
främst därför att pri-
setna är så höga. De
är oftast lite äldre
men inte ännu i ett
låge där de själva
väljer att avveckla och
sälja.

Den genomsnitt-



Klipp frå:

RAPPORT OKTOBER 2010 Fastighetsmarknaden Skog och Lantbruk av LRF-konsult

Ved å fjerne fleire av krava for å kunne eige jord blir det lagt opp til ein priskonkurranse som unge bønder ikkje rekk opp i. Utan prisregulering vil utbyggingsinteresser, investorar og andre være med å drive opp prisen på

| | |
|------------|---------------|
| Vår dato | Vår referanse |
| 27.11.2014 | 14/01213-5 |

matjord, ut frå planar om å nytte areala til heilt andre formål.

Bruksstruktur og arrondering

Det kan være ønskeleg å betre driftstilhøva gjennom auka eigedomssal. Det vil derfor være riktig å ha styringsreiskaper som kan ta omsyn til arrondering, teigblanding, transportavstander , mv.

Andre verkemiddel enn oppheving av konsesjonslova vil vere meir målretta og effektive for å auke omsetninga av areal. Skattefritak og forenkla frådelling ved sal av tilleggsjord til naboeigedommar vil være døme på slike verkemiddel.

Busetting og buplikt

Buplikten er eit viktig distriktspolitisk verkemiddel.

Auka verdiskaping

Det er lite som tyder på at regjeringa sitt mål om auka verdiskaping i landbruket vert nådd med avvikling av konsesjonslova. Ei verdistigning på areal i sentrale strøk vil vere mest interessant for dei som skal *ut* av næringa, og hever terskelen for dei som vil satse og overta gardsbruk og areal til matproduksjon.

Dersom målet er større verdiskaping gjennom auka fridom til å utnytte garden sine ressursar kan det gjerast ved tilpassingar i ***andre lover*** som plan- og bygningslova, friluftsløva, naturmangfoldlova, markalova etc.